



Fjell kommune

Arkiv: 101.1
Saksmappe: 2016/1507-21901/2016
Sakshandsamar: Cecilie Krohn
Dato: 09.09.2016

SAKSDOKUMENT

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
35/16	Komit� for drift og forvaltning	20.09.2016
56/16	Formannskapet	21.09.2016

Uttale regional planstrategi for Hordaland 2016-2020

Samandrag av saka:

Fylkestinget i Hordaland har sendt *Regional planstrategi 2016-2020* på høyring. Fjell kommune har fått utvida høyningsfristen til 29.september 2016 for å rekke politisk handsaming av uttalen.

I medhald av §7-1 i plan –og bygningsloven skal fylkeskommunen, minst ein gong kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeida ein regional planstrategi. Her skal det gjerast greie for regionale utviklingstrekk og utfordringar, langsigktige utviklingsmål og planbehov. Strategien skal utarbeidast i samarbeid med kommunar, statlege organ, organisasjonar og institusjonar som blir omfatta av planarbeidet.

Fylkestinget foresl r   byrje arbeidet med  tte regionale planar i  ra 2016-2020. I tillegg skal 17 sektorplanar/strategiar starta opp.

Innstilling:

Formannskapet vedtek:

1. Fjell kommune vil framheva behovet for at regionale planar i st re grad vert utarbeida i samarbeid med kommunane, og ikkje berre i samråd med.
2. Fjell kommune gir sin tilslutnad til at det vert utarbeida ein regional plan for n ring og ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft.
3. Fjell kommune  nskjer   peika p  eit s rleg behov for kunnskapsgrunnlag og regional koordinering av havbruksverksemda i fylket.
4. Fjell kommune meiner det b r utarbeidast ein plan som adresserar overgangane mellom utdanningssystem og institusjonar i denne planperioden. I dette planarbeidet b r fr fall i skulen f  s rleg fokus.
5. Fjell kommune  nskjer ein tydeleggjering av kva «forpliktande regional arealplanlegging m  styrkast» inneber.
6. Fjell kommune ser ikkje behovet for ein ny regional plan for godshamn i Bergensområdet viss m let her er   peika ut kor ei slik godshamn skal liggja.

7. Fjell kommune meiner at ein i lys av endringar i kommunestrukturen og på det regionale nivået, bør vera tilbakehalden med å utarbeida for mange planar i planperioden. Det er uvisst kor lenge desse planane vil gjelda.

Straume, den 09.09.2016

Steinar Nesse
Rådmann

Berit Karin Rystad
Plan- og utbyggingssjef

Handsama i Komité for drift og forvaltning - 20.09.2016:

Vedtak i Komité for drift og forvaltning - 20.09.2016:

Referatsaka vert teken til orientering.

Handsama i Formannskapet - 21.09.2016:

Framlegg frå H v/Tom Georg Indrevik om tillegg til pkt. 2:

Utarbeiding av planane må skje saman med næringslivet og utdanningsinstitusjonane i regionen. Det må også vurderast om fylkeskommunen bør delast inn i mindre regionar som har ein felles arbeidsmarknad.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillingerne vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 21.09.2016:

1. Fjell kommune vil framheva behovet for at regionale planar i større grad vert utarbeida i samarbeid med kommunane, og ikkje berre i samråd med.
2. Fjell kommune gir sin tilslutnad til at det vert utarbeida ein regional plan for næring og ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Utarbeiding av planane må skje saman med næringslivet og utdanningsinstitusjonane i regionen. Det må også vurderast om fylkeskommunen bør delast inn i mindre regionar som har ein felles arbeidsmarknad.
3. Fjell kommune ønskjer å peika på eit særleg behov for kunnskapsgrunnlag og regional koordinering av havbruksverksemada i fylket.
4. Fjell kommune meiner det bør utarbeidast ein plan som adresserer overgangane mellom utdanningssystem og institusjonar i denne planperioden. I dette planarbeidet bør fråfall i skulen få særleg fokus.
5. Fjell kommune ønskjer ein tydeleggjering av kva «forpliktande regional arealplanlegging må styrkast» inneber.
6. Fjell kommune ser ikkje behovet for ein ny regional plan for godshamn i Bergensområdet viss målet her er å peika ut kor ei slik godshamn skal liggja.
7. Fjell kommune meiner at ein i lys av endringar i kommunestrukturen og på det regionale nivået, bør vera tilbakehalden med å utarbeida for mange planar i planperioden. Det er uvisst kor lenge desse planane vil gjelda.

Dokument vedlagt saka:

- Høyringsbrev: <http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regional-planstrategi/hoyringsbrev.pdf>
- Forslag til regional planstrategi 2016-2020 – Utviklingsplan for Hordaland: http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regional-planstrategi/hfk_utviklingsplan20162020_web.pdf
- Utviklingstrekk i Hordaland AUD-rapport nr.2-16: http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/aud-rapportar/2016/aud_rapport2_2016.pdf

Saksopplysningar:

1. Bakgrunn for saka

I medhald av §7-1 i plan –og bygningsloven skal fylkeskommunen, minst ein gong kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeida ein regional planstrategi. Strategien skal utarbeidast i samarbeid med kommunar, statlege organ, organisasjonar og institusjonar som blir omfatta av planarbeidet.

Regional planstrategi skal gjera greie for dei viktigaste utviklingstrekkja og planspørsmåla i heile eller delar av regionen. Strategien skal ta utgangspunkt i nasjonale mål og rammer, men også legga vekt på lokal erfaring og kunnskap i den regionale tilpassinga av politikken.

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok 19.mai 2016 å sende framlegg til Regional planstrategi 2016-2020 på høyring. Høyringsfristen er satt til 15.september 2016. Fjell kommune har etter avtale med Hordaland fylkeskommune fått utsatt høyringsfristen til 29.september 2016, for å nå politisk handsaming av uttalen. Regional planstrategi 2016-2020 skal slutthandsamast i fylkestinget i desember 2016. I denne høringa ønskjer Hordaland fylkeskommune synspunkt på innhaldet i strategien og på korleis måla kan oppfyllast.

2. Organisering og medverknad

Styringsgruppe for arbeidet med regional planstrategi er fylkesutvalet. Kommunane har vore involvert i prosessen gjennom fleire samrådsmøte der kommunar, statlege organ og ulike organisasjonar har vore samla. Ordførar i Øygarden kommune, Børge Haugetun, har representert kommunane Fjell, Sund og Øygarden i samrådsgruppa. Regionale og statlege institusjonar og organisasjonar har delteke på eigne konsultasjonsmøte.

3. Innhaldet i strategien

Høyringsutkastet har følgjande langsiktig mål: «Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande».

Dokumentet er bygd opp rundt fire hovudmål for perioden 2016-2020. For kvart mål er det skissert strategiar og planbehov. Dei fire hovudmåla er:

1. Høg sysselsetjing
2. Eit inkluderande samfunn
3. Klima- og miljøvenleg utvikling
4. Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Det er forslag om fleire regionale planar og sektorplanar/strategiar i perioden (s. 22-24 i høyringsframlegget). I tillegg til å starta tre nye regionale planar vert det lagt opp til revisjon av fem regionale planar i åra 2016-2020. Vidare er det føreslått oppstart av 17 sektorplanar/strategiar, der dei fleste er revisjonar av eksisterande planar. Dei nye sektorplanane/strategiane er alle innanfor kulturfeltet.

Vurdering:

Organisering og medverknad

I arbeidet med regional planstrategi har fylkeskommunen lagt til rette for medverknad og dialog med kommunane, statlege organ og ulike organisasjoner, m.a. gjennomføring av fleire samarbeidsmøte. Rådmannen vil peika på at dette har vore eit godt grep for å sikra medverknad og forankring av strategiarbeidet i kommunen.

Rådmannen vil framheve behovet for at regionale planar i større grad vert utarbeida i samarbeid med kommunane, og ikkje berre i samråd med. Kommunestyra er planmynde for eige areal, og regional planstrategi burde tydeleggjera rollane mellom dei ulike forvaltningsnivåa. Rådmannen vil understreka at regionale planar må utformast og forvaltast på ein måte der det vert teke omsyn til lokale forhold og det lokale sjølvstyret.

Målsetting 1. Høg sysselsetting

Nedgangen i oljesektoren har vore med på å auka behovet for meir variert og framtidsretta næringsutvikling i Hordaland. Arbeidsløysa i Fjell kommune har auka betrakteleg på grunn av denne nedgangen. Rådmannen støttar behovet for ein *regional næringsplan* med fokus på utvikling av nye arbeidsplassar, innovasjon og framtidsretta næringar og mogleigheter. Gjennomføringa av ein slik plan vil til ein kvar tid vera avhengig av eit godt samarbeid og samspel mellom offentlege og private aktørar. Næringsklynga på Ågotnes har høg kompetanse som bør nyttast i utviklinga av ny teknologi og grøne næringar. Ved CCB på Ågotnes er det gjort ein stor innsats for å etablera grønare energibruk, t.d. mobilt landstrømanlegg.

Høg sysselsetting er avhengig av at utdanning, arbeidskraft og arbeidsplassar heng saman. Rådmannen gir sin tilslutnad til behovet for ein *regional plan for kompetanse og arbeidskraft*. Målet med planen bør vera å sikra at regionen vår har framtidsretta og gode utdanningsløp som vil gi verdiful og framtidsretta kompetanse. Nedgangen i oljebransjen har mellom anna medført ein nedgang i talet på lærplingplassar i privat sektor. Regionen er avhengig av gode lærlingordningar og tette koplingar mellom utdanningssystemet og arbeidslivet. Kva tiltak og ordningar ein på regionalt nivå kan bidra med for å sikra til dømes fleire lærlingplassar bør diskuterast i planen. Rådmannen vil òg understreka at utdanning og arbeid er viktig for god integrering og at dette perspektivet vert tatt med i planarbeidet.

Knytt til tema som sysselsetting, næring og omstilling vil rådmannen peika på eit særleg behov for kunnskapsgrunnlag og regional koordinering av havbruksverksemda i fylket.

Målsetting 2: Eit inkluderande samfunn

Fjell kommune er blant dei kommunane i Hordaland med høgast fråfall i vidaregåande skule. Fråfallet svekker den einskilde ungdom sin moglegheit til å få seg ein jobb. Grunnlaget for vidaregåande skule vert lagt i barnehage og grunnskule. Medan barnehage og grunnskule er eit kommunalt ansvar, så er det fylkeskommunen som har ansvar for vidaregåande utdanning.

Dei ulike forvaltningsnivåa må ha fleire kontaktpunkt og auka samhandling for å møte dei sårbare overgangane på best mogeleg måte.

Dette er utfordringar som går på tvers av kommunegrensene og som treng eit regionalt fokus. Planstrategien viser til eige prosjekt og tiltak for kvalitet i oppvekst som eit forarbeid til ein plan i neste strategiperiode. Rådmannen meiner at ein samordna regional plan på dette feltet bør prioriterast i denne perioden.

Rådmannen vil trekka fram gruppa einslege mindreårige og behovet for integrering av denne gruppa både i lokalsamfunn, utdanning og arbeid, som viktig i framtidige planarbeid som omhandlar oppvekstområdet.

Målsetting 3. Klima og miljøvennlig utvikling

Fjell kommune har tidlegare gitt uttale til planprogram og planframlegg på *Regional areal og transportplan* (ATP). Regionale planar som omhandlar areal kan vera nyttige overordna styringsverktøy for å auke kunnskapsnivået og betre koordinering regionalt. Kommunen er likevel opptatt av at regionale planar må utformast og forvalta slik at ein ikkje kjem på kant med det lokale sjølvstyret. Dette vert særleg viktig når regional planstrategi legg opp til at «forpliktande regional arealplanlegging må styrkast». Regional planstrategi må vera tydleg på kva dette skal innebere. Kva slags rolle ser ein for seg at regionalt nivå skal ha i arealpolitikken i kommunane?

Kommunane Fjell og Bergen er einige i at ny godshamn for Bergensområdet skal liggja på Ågotnes. Bergen kommune kan på denne måten transformera noverande hamneområde til eit attraktivt byområde, med opptil 6000 nye bustader. Lokaliseringa av godshamna på Ågotnes vil skapa ny aktivitet og arbeidsplassar i eit næringsområde som er ramma av nedgangen i oljebransjen. Rådmannen ser ikkje at det er naudsynt med en ny *regional plan for godshamn i Bergensområdet* viss målet her er å peika ut kor ei slik godshamn skal liggja.

Målsetting 4: Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Rådmannen ser behovet for at Hordaland fylkeskommune har ein tydeleg rådgjevande rolle, og er pådrivar og koordinator for visse område. På eit område som utvikling av digital infrastruktur, er regionen avhengig av ein aktør som kan vera både ein pådrivar og ein koordinator for å realisera prosjekt som går over kommunegrensene og bidreg til ein meir konkurransedyktig vestlandsregion. Ein *analyse av behovet for digital infrastruktur på Vestlandet* slik det er lagt opp til i regional planstrategi kan vera starten på ei slik utvikling.

Avsluttande kommentarar

I tillegg til globale konjunkturar som påverkar regionen vår i stor grad, står vi dei neste åra ovanfor store endringar i kommunestrukturen, endringar på regionalt forvaltningsnivå, og venta overføring av enkelte statlege, og i nokre tilfelle moglegvis regionale oppgåver, til kommunane. Rådmannen er usikker på om det er rett tidspunkt å utarbeida så mange regionale planar og strategiar som det er lagt opp til i denne perioden. Det vil, mellom anna, vera vanskeleg å vita kor lang varigheit desse planane vil få.

Rådmannen meiner at for å lykkast i å utvikla ein sterk Vestlandsregion, som er eit inkluderande samfunn med høg sysselsetting og klima- og miljøvennlig utvikling, må regionalt nivå ha særleg fokus på samferdsle og å utvikla kollektivtilboda. Desse områda må løysast i fellesskap i regionen, samstundes som ein må ta særleg omsyn til lokale forhold og omgjevnader.

